

## Tale ved kransenedlegging på Anna Rogstads grav 17. mai 2018

### Vår Frelsers gravlund

Det er ei ære for meg, nettopp som den første kvinnen som er biskop i Oslo, å legge ned krans på Anna Rogstads grav. Det er i år 80 år sidan Anna Rogstad døydde. Ho er ein av dei kvinnene som verkeleg har gått føre. Anna Rogstad kjempa ein iherdig og lang kamp for saker som min generasjon oppfattar som sjølvsagte: For full stemmerett for kvinner og for at kvinnelege og mannlege lærarar skulle ha like vilkår og løn. Anna Rogstad arbeida målbevisst for å betre kvinners stilling i samfunnet, og gikk (sjølvsagt, vil eg seie) inn for at kvinner skulle få tale i kyrkja. Ho vart den første kvinnen som møtte på Stortinget, som vara for *Frisinnede Venstre* i 1911. Dette var altså to år før det same stortinget vedtok alminneleg stemmerett for kvinner.

Anna Rogstad var lærar nesten heile livet. Ho fekk ikkje noko rektorstilling i den offentlege skolen og stifta og leia *Fortsettelsesskolen for piker* i Oslo i mange år. (Det er derfor det står *skolebestyrer* her på gravsteinen). Ho skreiv mykje om pedagogikk og utgav også lærebøker. Anna Rogstad var med på å danne *Norsk kvindesagsforening* i 1884. Då foreininga ikkje ville gå inn for alminneleg stemmerett, oppretta ho saman med andre pionerar *Kvindestemmeretsforeningen* året etter. Ho satt i leiinga der heilt til den kampen var vunne. På stortinget heldt også den kjempande Anna innlegg for fredsaka. Ho sat også mange år i bystyret.

Det finst ingen biografi om Anna Rogstad. Ikkje enno. Kanskje er fordommane mot det storsamfunnet omtalte som «ugifte lærerinder» stadig verksomme. Vi kan i våre stille sinn tenke at dei var strenge og tøffe (og det var dei), men også «mandhaftige» og kjedelege. Eg er slettes ikkje sikker på at Anna Rogstad var kjedeleg. I ei av dei mange lærebökene ho utgav står det i avsnittet om gymnastikk mykje om enkelt og rimeleg gymtøy for jenter, men det blir også understreka at læraren må vere dyktig og ha godt humør. Og Rogstad gav ut ei hel bok om det ho kalla *Iagtagelsesundervisning* der ho viste korleis elevane frå første skoledag skulle bli oppmuntra til å sjå den verelege verda rundt seg og å sette ord på det dei såg. For meg, som dotter ei ein kvinneleg pedagog, høyrest det nesten ut som framtidsmusikk.

Eg legg ned krans for pioneren og føregangskvinnen Anna Rogstad i stor respekt. Framad og ikkje gløyme, heiter det. Det Anna Rogstad stod og kjempa for er ikkje mindre aktuelt i dag.

Det er det berre å sjå rundt seg og «iagta», som ho ville kalla det, når det gjeld kvinners situasjon og arbeidsforhold, både her i landet og i verda elles.

Anna Rogstad! Takk for at du viste veg og kjempa for rettferd. Vi vil gjerne gå i dine fotspor.

Det trur eg er rett ferd.